

RETNINGSLINJER FOR BARNEHAGEOPPTAK I STAD KOMMUNE

1. Rett til barnehageplass ved hovudopptaket jf Lov om barnehagar § 12 a.

- Barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året som det søkjer barnehageplass, har etter søknad rett til å få barnehageplass frå august.
- Barn som fyller eitt år i september, oktober eller november, har etter søknad rett til å få plass i barnehagen frå den månaden barnet fyller eitt år.

2. Hovudopptak – suppleringsopptak

Stad kommune har hovudopptak som vert gjort i april måned. Ved ledige barnehageplassar vert det gjort suppleringsopptak i løpet av barnehageåret.

Hovudopptak gjeld barn som etter Lov om barnehagar § 12 a., har rett til barnehageplass og som ikkje har barnehagetilbod. Søknadsfristen for hovudopptaket er 1.mars med tildeling av plass frå nytt barnehageår 15. august.

Suppleringsopptak går føre seg gjennom heile året dersom det er ledige barnehageplassar. Gjeld barn med og utan barnehageplass.

Opptaksmynde

Opptaket er samordna mellom barnehagane i kommunen, både kommunale og private barnehagar er med på det samordna opptaket. Opptaksmynde er kommunalsjef for oppvekst og opplæring. Kommunen er opptakskrins. Barnehageeigar bestemmer sjølv sin opptakskrets og opptakskriterier, jf Lov om barnehagar.

Opptakskriteriane gjeld for dei kommunale barnehagane, samt private barnehagar som har nedfelt disse i sine vedtekter.

Opptak til plass i barnehage vert gjort etter følgjande kriteria:

- Barn med nedsett funksjonsevne.
- Barn med vedtak etter lov om barneverntenester §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd.
- Barn som etter ei samla vurdering av barnet og foreldre sin livssituasjon har eit særleg behov for barnehageplass kan prioriterast framom andre, her også søsken i same barnehage.
- Barn som har plass i den aktuelle barnehagen og som ønskjer auke av plassen.
- Barn som har eitt år att i barnehagen før skulestart.
- Andre søkjarar og barn som har hatt plass i familiebarnehage.

For at formålsparagrafen i barnehagelova skal bli ivareteke på ein god måte, plasserer kommunalsjef barna i dei ulike barnehagane etter ei vurdering der det vert teke omsyn til ei best mogleg gruppesamansetting med tanke på alder, kjønn osv., i tillegg til foreldra sine behov.

Barn som har fått plass, har denne plassen ut barnehageåret (tom 14.august) det året barnet byrjar på skulen eller til plassen vert sagt opp.

Klage på opptak:

Foreldre/føresette kan klage på opptaket etter reglar i Forvaltningslova.